



VINNAR: Åsmund Arnesen Farstad fekk tildelt talentstipendet under Sunnmøre kammermusikkfestival.

● Åsmund Arnesen Farstad fekk talentstipend under Sunnmøre kammermusikkfestival

– Tusen hjarteleg takk

Åsmund Arnesen Farstad var svært takksam då han fekk tildelt talentstipendet på 25.000 kroner under avslutningskonserten til Sunnmøre kammermusikkfestival.

– Det er slik at å halde på med musikk handlar først og fremst om kommunikasjon og leik. Det er mange språk som har same ord for det å spele og leike. Det er vesentleg at dette er ein pris som skal dytte folk vidare i retning av å leike og

snakke.

Det sa juryleiar Wolfgang Plagge då talentstipendet vart delt ut under avslutningskonserten til Sunnmøre Kammermusikkfestival i Volda kyrkje laurdag kveld. Juryen hadde ei tøff oppgåve også i år med å kome fram til vinnaren.

– Vi fekk fire høyre fire svært flinke unge menneske sist søndag. Det er alltid vanskeleg å plukke ut ein av desse fire.

Juryen kom fram til samstemt avgjerd, og grunngevinga er som følgjer:

– Årets prisvinnar har overtydd juryen gjennom ein mo-

den, artistisk og engasjerande folketone. Musikalsk, instrumentalt og scenisk heldt framføringa høgt nivå, og ein skimtar ein framtidig profesjonell musikarkarriere. Årets prisvinnar er Åsmund Arnesen Farstad.

●● Ein skimtar ein framtidig profesjonell musikarkarriere

Wolfgang Plagge

Det var ein takksam prisvinnar som tok imot stipendet på 25.000 kroner, i tillegg til eit keramikkfat laga av Ingeborg Rørvik Lejon.

– Tusen hjarteleg takk. Dette var kjekt. Eg vil gjerne takke alle som har som følgd meg opp gjennom åra. Det gjeld lærarane mine og spesielt foreldra mine. Eg vil også takke Sparebank 1 Søre Sunnmøre som gir dette stipendet. Det er utruleg viktig for framtidige musikarar.

Det er Sparebank 1 Søre Sunnmøre som deler ut talentstipendet. Dette var tiande gong at talentstipendet vart

delt ut.

Sunnmøre Kammermusikkfestival har lagt bak seg nok ein suksessfull festival. Under avslutningskonserten fekk ei halvfull Volda kyrkje høyre mellom anna Festivalkoret under leing av dirigent Elisabeth Holte og Plagge i samspel med Saskia Giorgini.

Maria Angelika Carlsen (fiolin), Minna Svennberg (bratsj) og Alice Neary (cello) spelte også for publikum, i tillegg til Annar Follesø.

JOACHIM KROKEN ÅSEBØ
joachim@morenytt.no



SAMSPEL: Saskia Giorgini i samspel med Wolfgang Plagge.



STRYKETRIO: Maria Angelika Carlsen, Minna Svennberg og Alice Neary framførte Stryketrio i B-dur av Franz Peter Schubert.



KOR: Festivalkoret under leing av Elisabeth Holte.